



Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

Regionalt miljøtilskot for jordbruket i Møre og Romsdal 2025

RETTLEIAR 2025/2



INNHOLD

OM REGIONALT MILJØPROGRAM	3
Regionale miljøtilskot	3
Oversikt over endringar.....	3
KORLEIS SØKE	5
Før du søker	5
Søk elektronisk	5
VERDT Å VITE	6
Kven kan søke?	6
Gjere endringar i søknaden.....	6
Når får eg svar på søknaden og utbetalt tilskotet?	6
MILJØTEMA 1 – KULTURLANDSKAP	7
Skjøtsel av bratt areal (§ 4)	7
Drift av beitetlag (§ 5).....	8
Slått av lokalt verdifulle jordbrukslandskap (§ 6)	9
MILJØTEMA 2 – BIOLOGISK MANGFOLD.....	10
Slått av slåttemark (§ 7)	10
Skjøtsel av kystlynghei (§ 8)	11
Tilrettelegging av fuglebiotopar (§ 9).....	12
MILJØTEMA 3 – KULTURMINNE OG KULTURMILJØ	13
Drift av seter med mjølkeproduksjon (§ 10).....	13
Skjøtsel av gravminne (§ 11)	14
MILJØTEMA 4 – AVRENNING TIL VATN	15
Ingen jordarbeiding om hausten (§ 12)	15
Grasdekt kantsone i åker (§ 13).....	16
Vedlikehald av fangdammar (§ 14)	17
MILJØTEMA 5 – UTSLEPP TIL LUFT	18
Spreiing våren eller i vekstsesongen (§ 15)	18
Bruk av nedleggingsutstyr (§ 16).....	19
Bruk av eller nedfellingsutstyr (§ 17)	19
Bruk av tilførselsslangar (§ 18)	20
MILJØTEMA 6 - KLIMARÅDGJEVING	21
Klimarådgjeving (§19)	21
OVERSIKT OVER TILTAK OG FORELØPIGE SATSAR.....	22

OM REGIONALT MILJØPROGRAM

Formålet med programmet er å gi ein regionalt tilpassa og målretta innsats for at jordbruksdrifta skal vere meir miljøretta i Møre og Romsdal. Den er fastsett av Statsforvaltaren i samråd med Bondelaget og Bonde- og småbrukarlaget.

Programmet skal stimulere til følgande mål:

- oppretthalde og utvikle eit ope og variert kulturlandskap
- særskilte verdiar i kulturlandskapet skal takast vare på og skjøttast
- god agronomi skal fremjast
- ureining og tap av næringsstoff frå jordbruket skal reduserast

Det er oppretta eit miljøprogram for perioden 2023-2026.

Regionale miljøtilskot

Tilskotet skal stimulere til miljøvennlege driftsformer og produksjon av miljøgode for samfunnet. Dei regionale miljøtilskota er hovudvirkemidla i miljøprogrammet for å nå måla. Det er ei årleg driftsstøtte til føretak med landbruksproduksjon som oppfyller visse vilkår.

Alle tiltak det kan gjevast tilskot til er henta frå ein nasjonal meny fastsett av Landbruksdirektoratet. Dei regionale miljøtilskota i vår region blir regulert av «Forskrift om regionale miljøtilskot i jordbruket, Møre og Romsdal»

Oversikt over endringar for 2025

Gjere endringar i søknaden	Søker trenger ikkje kontakte kommunen
Skjøtsel av bratt areal (§ 4)	Kan ikkje få tilskot til både slått og beiting på same areal.
Slått av slåttemark (§ 7)	Tiltaket kan kombinerast med tilskotet frå Miljødirektoratet
Tilskot til tilrettelegging av hekke- og beiteområde for fugl (§ 9)	Avtale og kart må leggast med i søknaden.
Grasdekt kantsone i åker (§ 13)	Nye figurer som beskriv avstander
Fangdammar (§ 14)	Beskriving om korleis tilskotet blir berekna i fagsystemet
Drift av seter (§ 10)	Nye satser frå LDIR
Klimarådgjevning (§19)	Nye satser frå LDIR

Rettleiar 2025/2, Regionalt miljøtilskot i Møre og Romsdal

KORLEIS SØKE

Før du søker

- Husk å sjekke at tilgang til Altinn fungerer i god tid før fristen.
- Det viktig at du sett deg inn i vilkåra for ordninga.
- Informasjon om ordninga finn du på [Statsforvaltaren si heimeside](#) og i [forskrifta](#).
- Dersom du har spørsmål eller ynskjer rettleiing i samband med søknaden, kan du kontakte kommunen i god tid før søknadsfristen.

Søk elektronisk

- Søknadskjema er tilgjengeleg fra 15. september.
- Husk å bruk organisasjonsnummer for [hovedenheten](#).

[Video om korleis søker regionale miljøtilskot elektronisk](#)

[Elektronisk søknadsskjema for regionale miljøtilskot \(RMP\)](#)

[Elektronisk søknadsskjema for drift av beitelag \(OBB\)](#)

- Det vil vere mogleg å importere kartopplysningar frå søknaden i fjar.
- Pass på å trykke på knappen «Send» når søknaden er ferdig utfylt. Sjekk at du får kvittering i Altinn for at søknaden er sendt.

Søkarar som av ulike grunnar ikkje kan levere søknaden elektronisk, kan levere papirsøknad til kommunen, men beitelaga (OBB) må søke elektronisk. [Søknadsskjema på papir](#)

RMP
Søknadsfrist
15. oktober

OBB
Søknadsfrist
15. november

i **Søk i god tid, det er alltid noko som kan skjere seg siste dagen.**

VERDT Å VITE

Dersom du leverer søknaden etter fristen, vert tilskotet redusert med kr 1 000 per dag etter fristen. Søknader som er levert seinare enn 14 dagar etter fristen vil bli avvist.

Kven kan söke?

Alle som har rett til produksjonstilskot kan også söke om regionalt miljøtilskot.

Det er den som disponerer areala eller dyra i söknadsåret som har rett på tilskotet. Tilskotet vert utbetalt til det føretaket eller beitelaget som har sökt.

Gjere endringar i söknaden

Søkarar som har levert söknaden innan fristen 15. oktober kan endre söknadsopplysningane inntil 14 dagar etter söknadsfristen, utan at utbetalinga blir redusert med 1 000 kroner per dag. Sökaren må sende inn den gjenopna söknaden på nytt for å ha ein gyldig innsend söknad.

Dette gjeld ikkje söknad om tilskot etter Drift av beitelag (OBB).

Når får eg svar på söknaden og utbetalt tilskotet?

Svar på söknaden får du i form av ei vedtaksbrev som viser kva du har fått tilskot til. Brevet kjem litt før eller samtidleg med utbetalinga frå Landbruksdirektoratet i mars 2025.

Pass på at opplysningane i söknaden er rett!

Kommunen, Statsforvaltaren eller Landbruksdirektoratet kan kontrollere opplysningane du har gitt i RMP-söknaden. Ver førebudd på at du kan bli kontakta og bedt om å dokumentere opplysningar i söknaden nærmare. Kommunen er pålagt å kontrollere minst 5 prosent av söknadane ved kvar söknadsomgang.

Feil opplysningar i söknaden, brot på vilkår eller regionale miljøkrav kan føre til avkorting av tilskotet.

MILJØTEMA 1 – KULTURLANDSKAP

Ei av hovedutfordringane i regionen er å hindre gjengroing av jordbruksareal og bevare og gjenskape viktige element i kulturlandskapet som er i ferd med å forsvinne på grunn av manglande beiting, opphør av slått og nedlagde setrar. Hovedmålet er å motvirke og om mulig snu denne utviklinga, slik at beitearealet aukar og jordbruksarealet vert oppretthelde.

Skjøtsel av bratt areal (§ 4)

Tilskotet skal stimulere til drift av bratte areal slik at arealet blir holdne i hevd og ivaretak eit ope kulturlandskap.

Gjeld fulldyrka eller overflatedyrka jord Ved beiting må dette kombinerast med beitepussing. Det blir ikkje gjeve tilskot til både slått (1) og beiting (2) av dei same arealet. Tilskotet utmåles per dekar	Vilkår Arealet skal vere i aktiv drift og bli slått eller beita. Beiting eller beitepussing alene gjer ikkje tilskot.
Tiltaksklasse (1) Overflate- og fulldyrka, helling 1:5 (1) Overflate- og fulldyrka, helling 1:3 (2) Beiting i kombinasjon med beitepussing, helling 1:5 (2) Beiting i kombinasjon med beitepussing, helling 1:3	Foreløpige satsar kr 400 per daa kr 500 per daa kr 400 per daa kr 500 per daa

Drift av beitelag (§ 5)

Formålet er å stimulere til samarbeid om beiting med sikte på god utnytting av beiteressursar i utmark, og effektivt tilsyn med minst mulig tap av dyr.

Beitelag som utnyttar utmarksbeite gjennom organisering av tilsyn, organisert sinking og andre målretta fellestiltak i beiteområda, kan søke om tilskot til sanka dyr.

Tilskotet blir utmålt pr. dyr sleppt på utmarksbeite.

Beitelag må søke innan 15. november.

Vilkår

Laga må vere registrert i Einingsregisteret.

Beitelaga må ha minst 2 medlemmer, og årleg rapportere om drifta få laga.

Felles beitebruk i minimum 5 veker i sommarhalvåret.

Tiltaksklasse

Storfe/hest

Foreløpige satsar

kr 25 kr per dyr

Småfe

kr 20 per dyr

Slått av lokalt verdifulle jordbrukslandskap (§ 6)

Formålet er å stimulere til vidare drift i område med særskilt verdifullt kulturlandskap.

I Møre og Romsdal er det 12 område som har status som slike landskap. Det er ikkje gjort endringar samanlikna med tidlegare år i kva for område som kjem inn under ordninga, jf. [lenke til kart](#).

Tilskotet utmåles per dekar

Vilkår

Skjøtselen må skje ved slått minimum 1 gong i løpet av vekstsesongen.

Kartfesta område valt ut i nokon kommunar.

Berre beiting er ikkje tilstrekkeleg.

Tiltaksklasse

Foreløpige satsar

Slått av verdifulle jordbrukslandskap

kr 125 per daa



Foto: Statsforvaltaren

MILJØTEMA 2 – BIOLOGISK MANGFOLD

Formålet med tiltaka er å ivareta utvalde og trua naturtypar og biologisk verdifulle areal i jordbruket. Tilskotet kan også virke positivt på landskapsoppleveling og synleggjering av kulturminne og restar av tradisjonelle driftsformer.

Slått av slåttemark (§ 7)

Formålet er å stimulere til skjøtsel av verdifulle, artsrike slåttemarker, for å oppretthalde biologisk mangfold og andre kvalitetar.

SKJØTSELSRÅD	Vilkår
<ol style="list-style-type: none">Arealet må skjøttast som slåttemarkArealet må slåast seint, vanlegvis etter 15. juli.Høyet må bakke- eller hesjetørkast.Høyet må fjernast etter tørk.Arealet må slåast med lette reiskap som ljå eller tohjuls slåmaskin.Arealet må ikkje bearbeidast i form av pløying, sång, gjødsling eller sprøyting.Arealet kan i tillegg bli haustbeita med lågt beitetrykkFramande artar bør fjernast <p>Tilskotet utmåles per dekar.</p> <p>Publikasjon:</p> <p>SLÅTTEMARK - Veileder og skjøtsel (NIBIO)</p> <p>Tiltaket kan kombinerast med tilskotet frå Miljødirektoratet «Tiltak for trua naturtypar»</p>	<p>Det er stilt krav til registrering som utvald naturtype slåttemark med verdi A eller B i Naturbase.</p> <p>Arbeidet må gjerast i tråd med skjøtselsråd gitt av Statsforvaltaren si miljøvernavdeling.</p>
Tiltaksklasse	Foreløpige satsar
Slått av slåttemark	kr 1000 per daa

Skjøtsel av kystlynghei (§ 8)

Formålet er å stimulere til tradisjonell skjøtsel av kystlynghei gjennom beiting.

SKJØTSELSRÅD

1. Beitetrykket må vere slik at arealet sin eigenart blir oppretthalde. For hardt beitetrykk fører til at grasartane tek over. For svakt beitetrykk fører til at røsslyngen blir grov og vedaktig. Der røsslyngen har blitt for gammal, kan det eventuelt brennast.
2. Området skal ikkje jordarbeidast, planerast eller tilførast gjødsel, såfrø eller plantevernmidlar.
3. Det skal takast omsyn til eventuelle hekkeplassar for fugl, særleg under brenning.
4. På lokalitetar med registreringar av raudlista fugleartar kan det bli stilt krav om skjøtselsplan eller brenneplan.
5. Dyrehald skal vere i tråd med dyrevernlova.
6. Automatisk freda kulturminne og nyare tids kulturminne på omsøkte areal skal haldast ved like.

Tilskotet utmåles per dyr (småfe).

Publikasjon:

[Beiting i kystlynghei \(Miljødirektoratet\)](#)

Vilkår

Området må vere registrert som kystlynghei med verdi A eller B i Naturbase.

Skjøtselen må vere i tråd med skjøtselsråd gitt av Statsforaltaren si miljøvernnavdeling.

Det må vere minimum 10 daa kystlynghei pr. småfe over 1 år.

Tiltaksklasse

Beiting av kystlynghei

Foreløpige satsar

kr 150 per dyr, maks kr 50000 per føretak

Tilrettelegging av fuglebiotopar (§ 9)

Formålet er å bidra til bevaring av trua fugleartar. Fugleartar som hekkar i jordbruksareal står i fare for å bli utrydda. Tidleg slått kan øydelegge reir, fuglar og ungar. Åkerrikse, vipe, storspove og grashoppesanger er aktuelle artar for ordninga.

Tiltaket er å utsette slåtten rundt hekkeplassen.

Avtale og kart må leggast med i søknaden.

Tilskotet utmåles per dekar.

Publikasjon:

[Fugler i jordbrukslandskapet \(Birdlife Norge\)](#)

Vilkår

Tiltaket må være godkjent av Statsforvaltaren si miljøvernavdeling.

Tiltaksklasse

Tilrettelegging av hekke- og beiteområder for fugl

Foreløpige satsar

kr 4000 per daa
maks kr 20000 per føretak

MILJØTEMA 3 – KULTURMINNE OG KULTURMILJØ

Formålet med tiltaka er å halde synlige spor i landskapet etter tidlegare jordbruksdrift og busetting opne.

Drift av seter med mjølkeproduksjon (§ 10)

Formålet er å oppretthalde og stimulere til auka bruk av setrane.

Det kan givast tilskot til drift av seteranlegg med mjølkeproduksjon.

Som seter blir rekna i denne samanhengen ein produksjonsstad for mjølk med husvære for folk og bufe, som berre er eigna for bruk i sommarsesongen og som nyttar eit anna ressursgrunnlag enn areala i nærleik til garden.

Tiltaksklassar er inndelte i talet på veker med setring, og om mjølk blir leverte til meieri, eller blir foredla sjølv.

Tilskot blir utmålt per sete, uavhengig om det er enkelt- eller fellesseter, og blir fordelt på talet på føretak som har dyr på setra.

Når fleire samarbeider om seterdrifta, skal tilskotet delast på deltakarane i fellessetra. Alle må føre opp same tal deltakrar i søknaden. Tilskotet blir fordelt på kvar deltakar. Samdrift vert rekna som eit føretak.

Vilkår

Det må produserast minimum 45 liter kumjølk eller 25 liter geitemjølk pr. døgn.

Produksjonen skal vare minst 4 veker per sesong

Produksjonen må vere godkjent av Mattilsynet.

Tiltaksklasse

Levering til meieri, 4-6 veker

Levering til meieri, 6 veker eller meir

Egen foredling, 4-6 veker

Egen foredling, 6 veker eller meir

Foreløpige satsar

kr 120 000 per seter

kr 140 000 per seter

kr 120 000 per seter

kr 140 000 per seter

Skjøtsel av gravminne (§ 11)

Formålet er å synleggjere automatisk freda gravminne som viktig ressurs for identitet, kunnskap og oppleveling.

Gravminna må skjøttast ved slått eller beiting, og kan ikke vere sterkt skada eller øydelagde. Det kan gjevast tilskot til inntil 20 gravminne per føretak.	Vilkår Gravminna må vere registrert i «Askeladden», Økonomisk kartverk eller fylkeskommunen sitt arkeologiske arkiv. Gravminna må vere synlege på overflata og ligge på eller inntil jordbruksareal.
Tiltaksklasse Skjøtsel av automatisk fredete kulturminner	Foreløpige satsar kr 1000 per gravminne kr 20 000 per føretak

MILJØTEMA 4 – AVRENNING TIL VATN

Formålet med tilskotet er å begrense erosjon og avrenning av jord, næringsstoff og plantevernmidlar frå jordbruksareal. Det er eit mål å bevare jorda på jordet og bidra til god tilstand i vassdraga.

Ingen jordarbeiding om hausten (§ 12)

Denne ordninga gjeld berre for areal der det blir dyrka korn, olje- og belgvekstar, frøeng siste haustingsår, grøngjødsling og grønförvekstar. Vilkåret er at arealet ikkje blir jordarbeidd om hausten.

Tilskotet gjeld erosjonsutsette areal i nedslagsfelta til elvane Surna, Driva og Rauma . Tilskotet utmåles per dekar.	Vilkår Arealet skal ikkje jordarbeidast før 1. mars etter søknadsåret. Halmen på dessa areala skal ikkje brennast.
Tiltaksklasse Erosjonsklasse 1-4 Erosjonsklasse 1-4, med dråg	Foreløpige satsar kr 400 per daa kr 400 per daa

Grasdekt kantsone i åker (§ 13)

Formålet med tilskotet er å stimulere til at det blir etablert kantsoner mellom åkerareal og vassdrag som er grasdekt, for å redusere erosjon og avrenning frå åkerarealet.

Tilskotet gjeld areal der det blir dyrka korn, potet eller grønsaker i same område som for 'ingen jordarbeiding om hausten' og Smøla.

- Arealet må ha helling mot gjeldande vassdrag.
- Vilkår for ordninga er at sona har ei breidde på minimum 8 meter rekna frå vassdraget ved normalstand, der minst 6 meter må ligge på fulldyrka areal.
- Start på kantsona kan ikkje vere meir enn 8 meter frå normalvasstand.
- Vekstene må vere godt etablert om hausten i søknadsåret.

Vilkår

Areala skal ikkje gjødslast eller sprøytaast.


Jordarbeiding og sång skal skje mellom 1. mars og 1. juli.

Tiltaksklasse

Foreløpige satsar


Grasdekt kantsone i åker, korn m.m

kr 100 per meter



Figur 1 – Sone frå normalvasstand til dyrka open åker blir minimum 8 meter (2 meter er kravet i produksjonstilskot, og 6 meter er kravet til breidd til grassdekt kantsone).

Kilde: SF Vestfold/Telemark



Figur 2 – Der det er naturleg kantsone over 8 meter blir det gitt normalt ikkje tilskot til ein ekstra grasdekt kantsone.

Kilde: SF Vestfold/Telemark

Vedlikehald av fangdammar (§ 14)

Formålet med tilskotet er å stimulere til at fangdammar utgjer ei effektivt rensetiltak og at vegetasjonen i tilknytning til fangdammen blir skjøttet. Effekten av ein fangdam går ned etter kvart som sedimentasjonskammeret blir fylt opp.

Skjøtselsråd for tilfredsstillande reinseeffekt	Vilkår
<p>Med skjøtsel som held oppe reinseeffekten meiner ein til dømes rydding langs kantsona, tiltak som sikrar vanngjennomstrømning og tømming ved behov.</p> <p>Effekten av dammen går ned etter kvart som sedimentasjonskammeret blir fylt opp.</p> <p>Informasjon Oppbygging og vedlikehald av fangdammar (NIBIO)</p> <p>Tilskotet kan løvvast årleg.</p> <p>Søkar må teikne tiltaket i kartet (dekar) og dette kan medføre at arealet ikkje stemmer. Det er viktig at talet på fangdammar blir oppgitt i søknaden.</p> <p>I Møre og Romsdal er tilskotet per fangdam. Fagsystemet bereknar tilskotet per dekar.</p>	<p>Fangdammen er etablert på eller i tilknyting til jordbruksareal.</p> <p>Fangdammen skal ha tilfredsstillande reinseeffekt slik at han fangar opp avrenning av jordpartiklar og næringsstoff og reduserer tilførselen av desse til vatn og vassdrag.</p> <p>Dammen blir tømd ved behov, slik at reinseeffekten er tilfredsstillande.</p>
Tiltaksklasse	Foreløpige satsar
Fangdam	kr 5000 per dam

MILJØTEMA 5 – UTSLEPP TIL LUFT

Formålet er å stimulere til gjødslingsmetoder som gir redusert utslipp av ammoniakk og lystgass, i tillegg til å redusere avrenning av næringsstoff til vann og vassdrag.

Spreiing våren eller i vekstsesongen (§ 15)

Formålet er å redusere utslepp av næringsstoff til luft og redusere avrenning til vann og vassdrag.

Føretaket skal ha gjødslingsplan og skiftenoteringar som syner spreiedato og gjødselmengde spreidd per dekar. Dette tiltaket kan kombinerast på same areal med: §18 – Bruk av tilførselsslangar. Dette tiltaket kan <u>ikke</u> kombinerast med: §16 - bruk av nedleggingsutstyr §17 - bruk av nedfellingsutstyr	Vilkår Tilskot kan gjevast til føretak som spreier <u>all</u> husdyrgjødsel og biorest på disponert areal seinast 10. august. Spreiing av minimum 5 kg total-N pr. daa. Arealet skal høstes eller beites etter siste spredning i søknadsåret
Tiltaksklasse Spredning av all husdyrgjødsel om våren og/eller i vekstsesongen	Foreløpige satsar kr 75 per daa

Bruk av nedleggingsutstyr (§ 16)

Det kan gjevest tilskot for spreiling av husdyrgjødsel eller biorest ved nedlegging. Dette for å stimulere til at husdyrgjødsel (blautgjødsel) og biorest blir lagt rett ned på jorda i staden for tradisjonell breispreiing.

<p>Det må vere brukt nedleggingsutstyr på all husdyrgjødsel som er spreidd på det arealet som blir omsøkt.</p> <p>Dette tiltaket kan kombinerast på same areal med: §18 – Bruk av tilførselsslanger</p> <p>Dette tiltaket kan <u>ikke</u> kombinerast med §15 – Spreiing i vår-/vekstsesong.</p>	<p>Vilkår</p> <p>Spreiing av minimum 5 kg total-N pr. daa</p> <p>Arealet skal høstes eller beites etter siste spredning i søknadsåret</p>
<p>Tiltaksklasse</p> <p>Nedlegging av husdyrgjødsel</p>	<p>Foreløpige satsar</p> <p>kr 90 per daa</p>

Bruk av eller nedfellingsutstyr (§ 17)

Det kan gjevest tilskot for spreiling av husdyrgjødsel eller biorest ved ned. Dette for å stimulere til at husdyrgjødsel (blautgjødsel) og biorest blir lagt rett ned på jorda i staden for tradisjonell breispreiing.

<p>Det må vere brukt nedfellingsutstyr på all husdyrgjødsel som er spreidd på det arealet som blir omsøkt.</p> <p>Dette tiltaket kan kombinerast på same areal med: §18 – Bruk av tilførselsslanger</p> <p>Dette tiltaket kan <u>ikke</u> kombinerast med §15 – Spreiing i vår-/vekstsesong.</p>	<p>Vilkår</p> <p>Spreiing av minimum 5 kg total-N pr. daa</p> <p>Arealet skal høstes eller beites etter siste spredning i søknadsåret</p>
<p>Tiltaksklasse</p> <p>Nedfelling av husdyrgjødsel</p>	<p>Foreløpige satsar</p> <p>kr 90 per daa</p>

Bruk av tilførselsslangar (§ 18)

Tilførselsslangar for å transportere husdyrgjødsla ut på marka bidreg til å redusere køyreskader og jordpakking, og vil såleis vere eit tiltak som kan bidra til å redusere utsleppa av lystgass frå landbruke

Det må vere brukt tilførselsslangar på all husdyrgjødsel som er spreidd på det arealet som blir omsøkt.

Dette tiltaket kan kombinerast med på same areal:
§15 - spreiing i vår-/vekstsesong
§16 - bruk av nedleggingsutstyr
§17 - bruk av nedfellingsutstyr

Vilkår

Ved kontroll må føretaket kunne dokumentere bruk av tilførselsslange

Tiltaksklasse

Foreløpige satsar

Spredning av husdyrgjødsel med tilførselsslange

kr 90 per daa

MILJØTEMA 6 - KLIMARÅDGJEVING

Formålet er ein heilskapleg gjennomgang av utslepp og opptak av klimagassar på garden med sikte på kunnskapsoppbygging hos bonden og å gjennomføre klimatiltak.

Klimarådgjeving (§19)

Med klimarådgiving siktar ein til rådgiving som i størst mogleg grad tek for seg ein heilskapleg gjennomgang av utslepp og opptak av klimagassar frå alle produksjonane til garden, med sikte på å gjennomføre klimatiltak. Behov for klimatilpassing skal også inngå i rådgivinga.

Det kan gjevast tilskot til føretak som har gjennomført klimarådgjeving i perioden frå 15. oktober i året før søknadsåret til 15. oktober i søknadsåret.

Dersom det blir søkt om tilskot for gjennomført klimarådgiving i fleire søknadsperiodar, skal det utarbeidast ny tiltaksplan med skildring av kva tiltak som er gjennomførte eller sett i gang sidan førre klimarådgiving.

Oversikt over klimarådgjevarar i fylket

To-til-ein-rådgjeving

Tiltaksplan som omfattar fleire typar produksjonar

Ein-til-ein-rådgjeving

Tiltaksplan som omfattar ein enkel produksjon

Grupperådgjeving

Tiltaksplan som er utarbeidd med bakgrunn i rådgjeving retta mot to eller fleire føretak samla.

Vilkår

Tiltaksplan for utført rådgiving må leggast ved søknaden

Tiltaksplanen skal vere underskriven av godkjent rådgivar

Tiltaksklasse	Foreløpige satsar
Ein-til-ein rådgjeving	Kr 7500 per føretak
To-til-ein rådgjeving	kr 9500 per føretak
Grupperådgjeving	kr 5500 per føretak

OVERSIKT OVER TILTAK OG FORELØPIGE SATSAR

MILJØTEMA 1 – KULTURLANDSKAP	
§ 4 Skjøtsel av bratt areal	Helling 1:5 - kr 400 per daa Helling 1:3 - Kr 500 per daa
§ 5 Drift av beitelag	Storfe og hest - kr 25 per dyr Småfe - Kr 20 per dyr
§ 6 Slått av lokalt verdifulle jordbrukslandskap	kr 125 per daa
MILJØTEMA 2 – BIOLOGISK MANGFALD	
§ 7 Slått av slåttemark	kr 1 000 per daa
§ 8 Skjøtsel av kystlynghei	kr 150 per småfe maks. kr 50 000 per føretak
§ 9 Tilrettelegging av fuglebiotopar	kr 4 000 per daa maks. kr 20 000 per føretak
MILJØTEMA 3 – KULTURMINNE OG KULTURMILJØ	
§ 10 Drift av seter med mjølkeproduksjon og levering til meieri	≥ 4 veker, kr 120 000 per seter ≥ 6 veker, kr 140 000 per seter
Drift av seter med mjølkeproduksjon og eiga foredling	≥ 4 veker, kr 120 000 per seter ≥ 6 veker, kr 140 000 per seter
§ 11 Skjøtsel av gravminne	kr 1 000 per gravminne maks. kr 20 000 per føretak
MILJØTEMA 4 – AVRENNING TIL VATN	
§ 12 Ingen jordarbeiding om hausten	kr 400 per daa
§ 13 Grasdekt kantsone i åker	kr 100 per meter
§ 14 Vedlikehald av fangdammar	kr 5 000 per dam
MILJØTEMA 5 – UTSLEPP TIL LUFT	
§ 15 Spreiing i vår-/vekstsesong	kr 75 per daa
§ 16 Nedlegging av husdyrgjødsel	kr 90 per daa
§ 17 Nedfelling av husdyrgjødsel	kr 90 per daa
§ 18 Bruk av tilførselsslangar	kr 90 per daa
MILJØTEMA 6 - KLIMARÅDGJEVING	
§ 19 To-til-ein-rådgjeving	kr 9 500 per føretak
Ein-til-ein-rådgjeving, sats per føretak	kr 7 500 per føretak
Grupperådgjevning, sats per føretak	kr 5 500 per føretak